

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2017/1219**2019/EØS/4/88****av 23. juni 2017****om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk***[meld under nummeret K(2017) 4245](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast dei produkta som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.
- 2) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 vart det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) Ved kommisjonsavgjerd 2012/721/EU⁽²⁾ vart det innført miljøkriterium og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll for tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk, som er gyldige fram til 14. november 2016.
- 4) For å ta omsyn til den seinaste marknadsutviklinga og den nyskapinga som har funne stad i perioden frå avgjerda vart teken, er det føremålstenleg å fastsetje reviderte miljøkriterium for denne produktgruppa.
- 5) Dei reviderte kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på seks år frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda, samstundes som det vert teke omsyn til innovasjonssyklusen til denne produktgruppa. Kriteria skal fremje produkt som har ein redusert miljøverknad på økosystem i vatn, som inneheld ei avgrensa mengd farlege stoff, som er effektive ved tilrådde temperaturar, og som minimerer avfallsproduksjonen ved å redusere mengda emballasje.
- 6) Av omsyn til rettstryggleiken bør avgjerd 2012/721/EU opphevast.
- 7) Det bør innførast ein overgangsperiode for produsentar som har fått tildelt EU-miljømerket for tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2012/721/EU, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse produkta sine til å verte i samsvar med dei reviderte kriteria og krava.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» skal omfatte alle tekstilvaskemiddel som høyrer inn under verkeområdet for europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 648/2004⁽³⁾ og er marknadsførte og utforma til bruk av spesialisert personale i industri og institusjonar.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 180 av 12.7.2017, s. 79, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 189/2017 av 22. september 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsavgjerd 2012/721/EU av 14. november 2012 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 326 av 24.11.2012, s. 38).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 648/2004 av 31. mars 2004 om vaske- og rengjøringsmidler (TEU L 104 av 8.4.2004, s. 1).

Denne produktgruppa omfattar fleirkomponentsystem der det er fleire komponentar som utgjer eit komplett vaskemiddel eller eit vaskeprogram for eit automatisk doseringssystem. Fleirkomponentsystem kan innehalde ei rekkje produkt, til dømes blautgjeringsmiddel, flekkfjernerar og skyljemiddel, og systema skal prøvast under eitt.

Denne produktgruppa omfattar ikkje produkt som tilfører tekstilar visse eigenskapar, til dømes slik at dei vert vassavstøytande, vasstette eller brannsikre. Produktgruppa omfattar heller ikkje produkt som vert tilsette ved hjelp av berarar, til dømes tekstilstoff eller andre materiale, eller vaskehjelpemiddel som vert nytta utan etterfølgjande vask, til dømes flekkfjernerar for teppe og møbelstoff.

Produktgruppa omfattar ikkje tekstilvaskemiddel som er meinte for bruk i hushaldsvaskemaskiner.

Artikkel 2

I denne avgjerda tyder:

- 1) «innholdsstoff» stoff som medvite er vortne tilsette, og biprodukt og urenske frå råstoff i samansetnaden av sluttproduktet (medrekna vassløyseleg folie dersom dettevert nytta),
- 2) «primæremballasje»
 - a) for einskilddosar i ei pakning som er meint å skulle fjernast før bruk: innpakninga av einskilddosen og den emballasjen som er utforma for å utgjere den minste salseininga ved distribusjon til sluttbrukaren eller forbrukaren på salsstaden, medrekna etiketten dersom det er relevant,
 - b) for alle andre typar produkt: den emballasjen som er utforma for å utgjere den minste salseininga ved distribusjon til sluttbrukaren eller forbrukaren på salsstaden, medrekna etiketten dersom det er relevant,
- 3) «mikroplast» partiklar med ein storleik på under 5 mm av uløyseleg makromolekylær plast som er framstilt ved ein av dei følgjande prosessane:
 - a) ein polymeriseringsprosess, til dømes polyaddisjon eller polykondensasjon eller ein liknande prosess med monomerar eller andre utgangsstoff,
 - b) kjemisk modifisering av naturlege eller syntetiske makromolekyl,
 - c) mikrobiell gjæring,
- 4) «nanomateriale» eit naturleg, tilfeldig oppstått eller framstilt materiale som inneheld partiklar i ubunden tilstand eller i aggregat- eller agglomeratform, der minst 50 prosent av partiklane i den talvise storleiksfordelinga har eitt eller fleire ytre mål i storleiksområdet 1–100 nm⁽¹⁾.

Artikkel 3

For å kunne få tildelt EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 må eit tekstilvaskemiddel høyre inn under produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» slik det er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og oppfylle dei kriteria og tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedlegget.

Artikkel 4

Kriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i seks år frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» tildelt kodenummeret «039».

Artikkel 6

Avgjerd 2012/721/EU vert oppheva.

⁽¹⁾ Kommisjonsrekommendasjon 2011/696/EU av 18. oktober 2011 om definisjon av nanomateriale (TEU L 275 av 20.10.2011, s. 38).

Artikkel 7

1. Som unntak frå artikkel 6 skal søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» og er sende inn før datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda, vurderast i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i avgjerd 2012/721/EU.
2. Søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» og er sende inn seinast to månader etter datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda, kan vurderast anten på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2012/721/EU, eller dei kriteria som er fastsette i denne avgjerda. Desse søknadene skal vurderast på grunnlag av dei kriteria som dei byggjer på.
3. EU-miljømerkisensar som er tildelte i samsvar med kriteria i avgjerd 2012/721/EU, kan nyttast i tolv månader frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda.

Artikkel 8

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel 23. juni 2017.

For Kommissjonen

Karmenu VELLA

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

KRITERIUM FOR EU-MILJØMERKET

Kriterium for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk

KRITERIUM

1. Giftverknad for vassorganismar
2. Evne til biologisk nedbryting
3. Berekraftig framskaffing av palmeolje, palmekjerneolje og avleidde produkt av desse
4. Stoff som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang
5. Emballasje
6. Dugleik
7. Automatiske doseringssystem
8. Brukarinformasjon
9. Opplysningar på EU-miljømerket

VURDERING OG KONTROLL

a) **Krav**

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram for dei rette organa fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan desse kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren, alt etter korleis det høver.

Dei rette organa skal først og fremst godkjenne attestar utferda av organ som er akkrediterte i samsvar med den relevante harmoniserte standarden for prøvings- og kalibreringslaboratorium, og kontrollar utførte av organ som er akkrediterte i samsvar med den relevante harmoniserte standarden for organ som sertifiserer produkt, prosessar og tenester. Akkrediteringa skal gjennomførast i samsvar med føresegnene i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008⁽¹⁾.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar eller vitjingar på staden.

Det er ein føresetnad at produktet oppfyller alle gjeldande lovfesta krav i staten eller statane der produktet skal bringast i omsetning. Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller dette kravet.

Databasen for delemne i vaskemiddel (*Detergent Ingredient Database*, DID-lista), som er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket, inneheld dei innhaldsstoffa som er mest nytta i vaskemiddel- og kosmetikksamansetnader. Denne databasen skal nyttast ved utrekning av kritisk fortynningsvolum (*Critical Dilution Volume*, CDV) og til vurdering av evna til biologisk nedbryting hjå innhaldsstoffa. For stoff som ikkje er oppførte i DID-lista, finst det retningslinjer for korleis relevante data kan reknast ut eller ekstrapolerast.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008 av 9. juli 2008 om fastsettelse av kravene til akkreditering og markedstilsyn for markedsføring av produkter, og om oppheving av forordning (EØF) nr. 339/93 (TEU L 218 av 13.8.2008, s. 30).

Lista over alle innholdsstoffa skal leggjast fram for det rette organet, med opplysningar om handelsnamn (dersom det finst), kjemisk nemning, CAS-nummer, DID-nummer, inngåande mengd, funksjon og form i det ferdige preparatet (medrekna vassløyseleg folie dersom dette vert nytta).

Konserveringsmiddel, fargestoff og duftstoff skal oppførast utan omsyn til konsentrasjon. Andre innholdsstoff skal oppførast dersom konsentrasjonen er 0,010 vektprosent eller høgare.

Alle innholdsstoff som ligg føre i form av nanomateriale, skal oppførast tydeleg i lista med ordet «nano» i parentes.

Det skal leggjast fram tryggleiksdatablad for kvart innholdsstoff som er oppført i lista, i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽¹⁾. Dersom det ikkje finst tryggleiksdatablad for eit einskilt stoff fordi det inngår i ei stoffblanding, skal søkjaren leggje fram tryggleiksdatabladet for blandinga.

b) Målegrenser

Alle innholdsstoff skal oppfylle dei miljøkriteria som er oppførte i tabell 1.

Tabell 1

Terskelverdiar per kriterium for innholdsstoff i tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (vektprosent)

Nemninga til kriteriet		Overflateaktive stoff	Konserveringsmiddel	Fargestoff	Duftstoff	Andre stoff (t.d. enzym)
Giftverknad for vassorganismar		≥ 0,010	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)	≥ 0,010
Evne til biologisk nedbryting	Overflateaktive stoff	≥ 0,010	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant
	Organiske stoff	≥ 0,010	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)	≥ 0,010
Berekraftig framskaffing av palmeolje		≥ 0,010	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	≥ 0,010
Stoff som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang	Spesifiserte stoff som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)
	Farlege stoff	≥ 0,010	≥ 0,010	≥ 0,010	≥ 0,010	≥ 0,010
	Stoff som gjev svært stor grad av uro	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)	Inga grense(*)
	Duftstoff	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Inga grense(*)	Ikkje relevant
	Konserveringsmiddel	Ikkje relevant	Inga grense(*)	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant
	Fargestoff	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Inga grense(*)	Ikkje relevant	Ikkje relevant
	Enzym	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Inga grense(*)

(*) «Inga grense» tyder: Alle stoff som medvite er vortne tilsette, biprodukt eller ureinske frå råstoff (analytisk påvisingsgrense), utan omsyn til konsentrasjon.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006 av 18. desember 2006 om registrering, vurdering og godkjenning av samt begrensninger for kjemikalier (REACH), om opprettelse av et europeisk kjemikaliebyrå, om endring av direktiv 1999/45/EF og om oppheving av rådsforordning (EØF) nr. 793/93 og kommisjonsforordning (EF) nr. 1488/94 samt rådsdirektiv 76/769/EØF og kommisjonsdirektiv 91/155/EØF, 93/67/EØF, 93/105/EF og 2000/21/EF (TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1).

REFERANSEDOSERING

Følgjande dosering skal nyttast som referansedosering for dei utrekningane som har til føremål å dokumentere at produktet oppfyller kriteria for tildeling av EU-miljømerket, og for å prøve vaskeevne:

Den høgaste doseringa som produsenten har tilrådd for å vaske 1 kg tørt tøy (oppført som g/kg vasketøy eller ml/kg vasketøy), for tre smussnivå (litt skiten, middels skiten og svært skiten) og tre vasshardleiksgrader (blautt, middels, hardt).

Alle produkt som høyrer til eit fleirkomponentsystem, skal inngå i den høgste tilrådde doseringa når det skal vurderast om kriteria er oppfylte.

Døme på smussnivå

Smuss	Smussnivå
Litt skiten vask	Hotell: sengetøy, sengeteppe og handklede osv. (handklede kan reknast som svært skiten vask) Handkledeullar av tekstil
Middels skiten vask	Arbeidsklede: institusjonar/detaljhandel/serviceyrke osv. Restaurantar: dukar, serviettar osv. Moppar og matter
Svært skiten vask	Arbeidsklede: industri/kjøken/slakteri osv. Kjøkentekstilar: klede, kjøkenhandklede osv. Institusjonar som til dømes sjukehus: sengetøy, sengeteppe, overtrekkslaken, pasientklede, lækjarfrakkar, operasjonsklede og andre klede for pleiepersonell osv.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram etiketten til produktet eller bruksretteiinga med opplysningar om dosering.

Kriterium 1 — Giftverknad for vassorganismar

Det kritiske fortynningsvolumet ($CDV_{kronisk}$) til produktet skal ikkje overstige dei følgjande grensene for referansedoseringa.

Blautt vatn (< 1,5 mmol CaCO ₃ /l) (l/kg vasketøy)			
Produkttype \ Smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	30 000	40 000	50 000
Flytande form	50 000	60 000	70 000
Fleirkomponentsystem	50 000	70 000	90 000

Middels hardt vatn (1,5–2,5 mmol CaCO ₃ /l) (l/kg vasketøy)			
Produkttype \ Smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	40 000	60 000	80 000

Middels hardt vatn (1,5–2,5 mmol CaCO₃/l)
(l/kg vasketøy)

Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Flytande form	60 000	75 000	90 000
Fleirkomponentsystem	60 000	80 000	100 000

Hardt vatn (> 2,5 mmol CaCO₃/l)
(l/kg vasketøy)

Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	50 000	75 000	90 000
Flytande form	75 000	90 000	120 000
Fleirkomponentsystem	75 000	100 000	120 000

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram utrekninga av CDV_{kronisk} for produktet. Eit rekneark for utrekning av CDV_{kronisk}-verdien er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

CDV_{kronisk}-verdien vert rekna ut for kvart enkelt innhaldsstoff (*i*) i produktet etter følgjande formel:

$$CDV_{kronisk} = \sum CDV(i) = 1\,000 \cdot \sum dosering(i) \cdot \frac{DF(i)}{TF_{kronisk}(i)}$$

der

dosering(*i*): vekta (g) av stoffet (*i*) i referansedosen

DF(*i*): nedbrytingsfaktoren for stoffet (*i*)

TF_{kronisk}(*i*): faktoren for den kroniske giftverknaden til stoffet (*i*)

Verdiane for DF(*i*) og TF_{kronisk}(*i*) skal hentast frå den nyaste utgåva av del A i DID-lista. Dersom eit innhaldsstoff ikkje er oppført i del A, skal søkjaren rekne ut verdiane etter den metoden som det er gjort greie for i del B i DID-lista, og leggje ved den tilhøyrande dokumentasjonen.

På grunn av nedbrytinga av visse stoff i vaskeprosessen gjeld særskilde reglar for følgjande:

- hydrogenperoksid (H₂O₂) — skal ikkje takast med i utrekninga av CDV
- pereddiksyre — skal takast med i utrekninga som eddiksyre

Kriterium 2 — Evne til biologisk nedbryting

a) Evne til biologisk nedbryting hjå overflateaktive stoff

Alle overflateaktive stoff skal ha god evne til aerob nedbryting.

Alle overflateaktive stoff som er klassifiserte som farlege for vassmiljøet dvs. som akutt giftige, kategori 1 (H400) eller kronisk giftige, kategori 3 (H412), i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008⁽¹⁾, skal dessutan ha god evne til anaerob biologisk nedbryting.

b) *Evne til biologisk nedbryting hjå organiske sambindingar*

Innhaldet i produktet av organiske stoff med manglande evne til aerob biologisk nedbryting (som ikkje har god evne til biologisk nedbryting (aNBO) eller manglande evne til anaerob biologisk nedbryting (anNBO), skal ikkje overstige dei følgjande grensene for referansedoseringa:

aNBO (g/kg vasketøy)

Blautt vatn (< 1,5 mmol CaCO ₃ /l)			
Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	0,70	1,10	1,40
Flytande form	0,50	0,60	0,70
Fleirkomponentsystem	1,25	1,75	2,50

Middels hardt vatn (1,5–2,5 mmol CaCO ₃ /l)			
Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,10	1,40	1,75
Flytande form	0,60	0,70	0,90
Fleirkomponentsystem	1,75	2,50	3,75

Hardt vatn (> 2,5 mmol CaCO ₃ /l)			
Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,40	1,75	2,20
Flytande form	0,70	0,90	1,20
Fleirkomponentsystem	2,50	3,75	4,80

anNBO (g/kg vasketøy)

Blautt vatn (< 1,5 mmol CaCO ₃ /l)			
Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	0,70	1,10	1,40
Flytande form	0,50	0,60	0,70
Fleirkomponentsystem	1,25	1,75	2,50

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 av 16. desember 2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandinger, om endring og oppheving av direktiv 67/548/EØF og 1999/45/EF, og om endring av forordning (EF) nr. 1907/2006 (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

Middels hardt vatn (1,5–2,5 mmol CaCO ₃ /l)			
Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,10	1,40	1,75
Flytande form	0,60	0,70	0,90
Fleirkomponentsystem	1,75	2,50	3,75

Hardt vatn (> 2,5 mmol CaCO ₃ /l)			
Smussnivå \ Produkttype	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,40	1,75	2,20
Flytande form	0,70	0,90	1,20
Fleirkomponentsystem	2,50	3,75	4,80

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon som viser evna til nedbryting hjå overflateaktive stoff, i tillegg til utrekninga av aNBO og anNBO for produktet. Eit rekneark for utrekning av aNBO- og anNBO-verdiane er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

Det skal visast til den nyaste utgåva av DID-lista både når det gjeld evna til nedbryting hjå overflateaktive stoff og aNBO- og anNBO-verdiane for organiske sambindingar.

For innholdsstoff som ikkje er oppførte i del A i DID-lista, skal det leggjast fram relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller eigna prøvingsresultat, som syner at dei har evne til aerob og anaerob biologisk nedbryting, slik det er gjort greie for i del B i DID-lista.

Dersom det ikkje finst dokumentasjon for evna til nedbryting, kan innholdsstoff som ikkje er overflateaktive, få unntak frå kravet om evne til anaerob nedbryting dersom eitt av dei følgjande tre vilkåra er oppfylte:

- 1) Stoffet har god evne til nedbryting og låg adsorpsjon ($A < 25\%$).
- 2) Stoffet har god evne til nedbryting og høg desorpsjon ($D > 75\%$).
- 3) Stoffet har god evne til nedbryting og er ikkje bioakkumulerande⁽¹⁾.

Prøving av adsorpsjon/desorpsjon skal utførast i samsvar med OECD-retningslinje 106.

Kriterium 3 — Berekraftig framskaffing av palmeolje, palmekjerneolje og avleide produkt av desse

Innhaldsstoff som vert nytta i produkt som stammar frå palmeolje eller palmekjerneolje, skal skaffast frå plantasar som oppfyller krava i ei sertifiseringsordning for berekraftig produksjon som byggjer på fleirpartsorganisasjonar med brei medlemsmasse, medrekna ikkje-statlege organisasjonar, næringsliv og offentlege styresmakter, og som set søkjelys på miljøverknader på mellom anna jord, biologisk mangfald, lager av organisk karbon og bevaring av naturressursar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram prov i form av tredjemannsertifikat og sporingssertifikat på at palmeolje og palmekjerneolje som vert nytta i framstillinga av innholdsstoff, kjem frå plantasar som vert forvalta på ein berekraftig måte.

⁽¹⁾ Eit stoff vert rekna for å ikkje vere bioakkumulerande dersom biokonsentrasjonsfaktoren (BCF) er < 100 eller $\log K_{ow}$ -verdien er $< 3,0$. Dersom både BCF- og $\log K_{ow}$ -verdiane er tilgjengelege, er det den høgaste målte BCF-verdien som skal nyttast.

Godkjende sertifikat skal omfatte RSPO (*Roundtable for Sustainable Palm Oil*) (sertifisering etter identitetsbevaring, åtskiljing eller massebalanse) eller ei tilsvarande eller strengare ordning for berekraftig produksjon.

For kjemiske avleide produkt av palmeolje og for palmekjerneolje skal det godtakast at berekraft vert dokumentert gjennom såkalla *book and claim*-system, til dømes *GreenPalm*-sertifikat eller tilsvarande, der det vert opplyst om talet på kjøpte og innløyste *GreenPalm*-sertifikat i den siste årlege handelsperioden, slik det er opplyst om i ACOP (*Annual Communications of Progress*).

Kriterium 4 — Stoff som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang

a) *Spesifiserte stoff som ikkje må nyttast eller som berre kan nyttast i avgrensa omfang*

i) Stoff som ikkje må nyttast

Dei stoffa som er oppførte nedanfor, skal ikkje tilsetjast produktsamansetnaden, utan omsyn til konsentrasjon:

- alkylfenoletoksylyat (APEO) og andre alkylfenolderivat
- atranol
- kloratranol
- dietyltriaminpentaeddiksyre (DTPA)
- etylendiamintetraeddiksyre (EDTA) og salt av det
- formaldehyd og stoff som frigjer dette (til dømes 2-brom-2-nitropropan-1,3-diol, 5-brom-5-nitro-1,3-dioksan, natriumhydroksymetylglusinat, diazolidinylurea), med unntak av ureinsker av formaldehyd i overflateaktive stoff basert på polyalkoksy-kjemi opp til ein konsentrasjon på 0,010 vektprosent i innhaldsstoffet
- glutaraldehyd
- hydroksyisoheksyl 3-sykloheksenkarboksaldehyd (HICC)
- mikroplast
- nanosølv
- nitromoskus og polysyklisk moskus
- perfluorerte alkylat
- rodamin B
- kvaternære ammoniumsalt som ikkje har god evne til biologisk nedbryting
- reaktive klorsambindingar
- triklosan
- 3-iodo-2-propynylbutylkarbammat

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, som stadfestar at dei stoffa som er oppførte i lista, ikkje er nytta i produktsamansetnaden, utan omsyn til konsentrasjon.

ii) Stoff som berre kan nyttast i avgrensa omfang

Dei stoffa som er oppførte nedanfor, skal ikkje tilsetjast produktsamansetnaden i konsentrasjonar som er høgare enn det som er oppført nedanfor:

- 2-metyl-2H-isotiazol-3-on: 0,0050 vektprosent
- 1,2-benzisotiazol-3(2H)-on: 0,0050 vektprosent
- 5-klor-2-metyl-4-isotiazolin-3-on/2-metyl-4-isotiazolin-3-on: 0,0015 vektprosent

Det samla innhaldet av fosfor (P), utrekna som elementært fosfor, skal vere avgrensa til følgjande:

- 0,50 g/kg litt skiten vask
- 1,00 g/kg middels skiten vask
- 1,50 g/kg svært skiten vask

Duftstoff som er underlagde opplysningskravet som er fastsett i forordning (EF) nr. 648/2004, skal ikkje finnast i mengder $\geq 0,010$ vektprosent per stoff.

Vurdering og kontroll:

Søkjaren skal leggje fram følgjande dokument:

- a) Dersom det vert nytta isotiazolinon, skal det leggjast fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, som stadfestar at innhaldet av isotiazolinon er lik eller lågare enn dei fastsette grensene.
- b) Det skal leggjast fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, som stadfestar at det samla innhaldet av elementært fosfor er lik eller lågare enn dei fastsette grensene. Fråsegna skal underbyggjast med utrekningar av det samla fosforinnhaldet til produktet.
- c) Det skal leggjast fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner eller dokumentasjon frå leverandørar, som stadfestar at innhaldet av dei duftstoffa som er underlagde opplysningskrav slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 648/2004, ikkje ligg føre i konsentrasjonar over dei fastsette grensene.

b) *Farlege stoff*

i) *Sluttprodukt*

Sluttproduktet skal ikkje vere klassifisert og merkt som akutt giftig, giftig for visse organ, luftvegs- eller hudsensibiliserande, kreftframkallande, arvestoffskadeleg, reproduksjonstoksisk eller farleg for vassmiljøet, slik det er definert i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1272/2008 og i samsvar med lista i tabell 2, med unntak for følgjande:

- Produkt som inneheld pereddiksyre og hydrogenperoksid som bleikjemiddel, kan vere klassifiserte og merkte som farlege for vassmiljøet (kronisk giftige, kategori 1 (H410), kronisk giftige, kategori 2 (H411) eller kronisk giftige, kategori 3 (H412)), dersom klassifiseringa og merkinga skuldast at desse stoffa finst i produktet.

ii) *Innhaldsstoff*

Produktet skal ikkje innehalde innhaldsstoff med ei konsentrasjonsgrense lik eller over 0,010 vektprosent i sluttproduktet som oppfyller kriteria for klassifisering som giftig, farleg for vassmiljøet, luftvegs- eller hudsensibiliserande, kreftframkallande, arvestoffskadeleg eller reproduksjonstoksisk i samsvar med vedlegg I til forordning (EF) nr. 1272/2008 og lista i tabell 2.

Dersom det er fastsett strengare generiske eller spesifikke konsentrasjonsgrenser i samsvar med artikkel 10 i forordning (EF) nr. 1272/2008, skal desse ha førerang.

Tabell 2

Avgrensingar som gjeld for fareklassar og inndelinga deira

Akutt giftverknad	
Kategori 1 og 2	Kategori 3
H300 Dødeleg ved svelging	H301 Giftig ved svelging
H310 Dødeleg ved hudkontakt	H311 Giftig ved hudkontakt

Akutt giftverknad	
Kategori 1 og 2	Kategori 3
H330 Dødeleg ved innanding	H331 Giftig ved innanding
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane	EUH070 Giftig ved kontakt med auga
Giftverknad på visse organ	
Kategori 1	Kategori 2
H370 Fører til organskadar	H371 Kan føre til organskadar
H372 Fører til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	H373 Kan føre til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering
Luftvegs- og hudsensibilisering	
Kategori 1A/1	Kategori 1B
H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon	H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon
H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding	H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding
Kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonstoksiske	
Kategori 1A og 1B	Kategori 2
H340 Kan føre til genetiske skadar	H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar
H350 Kan føre til kreft	H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft
H350i Kan føre til kreft ved innanding	
H360F Kan skade forplantingsevna	H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna
H360D Kan gje fosterskadar	H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar	H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar
H360Fd Kan skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	H362 Kan skade barn som vert amma
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	

Farleg for vassmiljøet	
Kategori 1 og 2	Kategori 3 og 4
H400 Svært giftig for liv i vatn	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	
Farleg for ozonlaget	
H420 Farleg for ozonlaget	

Dette kriteriet gjeld ikkje for innhaldsstoff som høyrer inn under artikkel 2 nr. 7 bokstav a) og b) i forordning (EF) nr. 1907/2006, der det er fastsett kriterium for å gje unntak for stoff som er oppførte i vedlegg IV og V til den nemnde forordninga når det gjeld krav til registrering, etterfølgjande brukarar og vurdering. For å avgjere om dette unntaket skal nyttast, skal søkjaren kontrollere alle innhaldsstoff som finst i konsentrasjonar på over 0,010 vektprosent.

Stoff og stoffblandingar som er oppførte i tabell 3, er ikkje omfatta av kravet i kriterium 4 bokstav b) ii).

Tabell 3

Stoff som har unntak

Stoff	Faresetning
Overflateaktive stoff	H400 Svært giftig for liv i vatn
	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn
Subtilisin	H400 Svært giftig for liv i vatn
	H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn
Enzym(*)	H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon
	H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding
ε-ftalimid-peroksyheksansyre (PAP) som vert nytta som bleikjemiddel med ein konsentrasjon på høgst 0,6 g/kg vasketøy	H400 Svært giftig for liv i vatn
	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn
Pereddiksyre/hydrogenperoksid som vert nytta som bleikjemiddel	H400 Svært giftig for liv i vatn
	H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn
	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn
NTA som ureinske i MGDA og GLDA(**)	H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft

(*) Medrekna stabilisatorar og andre hjelpestoff i stoffblandingane.

(**) I konsentrasjonar under 0,2 % i råstoffet, så lenge den samla konsentrasjonen i sluttproduktet er lågare enn 0,10 %.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal kunne dokumentere at dette kriteriet er oppfylt for sluttproduktet og for alle innholdsstoff som finst i ein konsentrasjon over 0,010 vektprosent i sluttproduktet. Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, eller eit tryggleiksdatablad, som stadfestar at ingen av desse stoffa oppfyller kriteria for klassifisering med ein eller fleire av faresetningane i tabell 2 når det gjeld kva form(er) og fysisk(e) tilstand(ar) dei har i produktet.

For stoff som er oppførte i vedlegg IV og V til forordning (EF) nr. 1907/2006, og som ikkje er omfatta av registreringsplikta i medhald av artikkel 2 nr. 7 bokstav a) og b) i den nemnde forordninga, vil ei fråsegn frå søkjaren vere tilstrekkeleg for å oppfylle kriteriet.

Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, eller eit tryggleiksdatablad, som stadfestar at produktet inneheld innholdsstoff som oppfyller vilkåra for unntak.

c) *Stoff som gjev svært stor grad av uro*

Sluttproduktet skal ikkje innehalde innholdsstoff som er vortne identifiserte i samsvar med den framgangsmåten som det er gjort greie for i artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006, der det er fastsett at det skal utarbeidast ei kandidatliste over stoff som gjev svært stor grad av uro.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar eller med tryggleiksdatablad, som stadfestar at produktet ikkje inneheld nokon av dei stoffa som er oppførte i kandidatlista.

Det skal visast til den utgåva av lista over stoff som gjev svært stor grad av uro, som på søknadsdatoen er den nyaste.

d) *Duftstoff*

Alle innholdsstoff som vert tilsette som duftstoff i produktet, skal vere produserte og handsama etter dei reglane for god praksis som er fastsette av *International Fragrance Association (IFRA)*, tilgjengeleg på <http://www.ifraorg.org>⁽¹⁾. Produsenten skal følgje tilrådingane i IFRA-standardane med omsyn til forbod, avgrensa bruk av og særlege reinleikskriterium for stoffa.

Vurdering og kontroll: Leverandøren eller duftstoffprodusenten, alt etter korleis det høver, skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn.

e) *Konserveringsmiddel*

i) Produktet kan innehalde konserveringsmiddel berre med sikte på å konservere produktet, og doseringa skal vere tilpassa berre for dette føremålet. Dette gjeld ikkje for overflateaktive stoff, som òg kan ha biocidliknande eigenskapar.

ii) Produktet kan innehalde konserveringsmiddel på det vilkåret at dei ikkje er bioakkumulerande. Eit konserveringsmiddel vert rekna for å ikkje vere bioakkumulerande dersom biokonsentrasjonsfaktoren (BCF) er < 100 eller $\log K_{ow}$ -verdien er $< 3,0$. Dersom både BCF- og $\log K_{ow}$ -verdiane er tilgjengelege, er det den høgaste målte BCF-verdien som skal nyttast.

iii) Det er forbode å hevde eller nemne på emballasjen eller på annan måte at produktet har ein antimikrobiell eller desinfiserande verknad.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, saman med tryggleiksdatablad for dei konserveringsmidla som eventuelt er tilsette, og med opplysningar om BCF- eller $\log K_{ow}$ -verdiane til middelet. Søkjaren skal òg leggje fram ein illustrasjon av emballasjen.

f) *Fargestoff*

Fargestoff i produktet skal ikkje vere bioakkumulerande.

Eit fargestoff vert rekna for å ikkje vere bioakkumulerande dersom biokonsentrasjonsfaktoren (BCF) er < 100 eller $\log K_{ow}$ -verdien er $< 3,0$. Dersom både BCF- og $\log K_{ow}$ -verdiane er tilgjengelege, er det den høgaste målte BCF-verdien som skal nyttast. Når det gjeld fargestoff som er godkjende til bruk i næringsmiddel, er det ikkje naudsynt å leggje fram dokumentasjon som viser bioakkumuleringspotensialet.

⁽¹⁾ Tilgjengeleg på nettstaden til IFRA: <http://www.ifraorg.org>

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, saman med tryggleiksdatablad for dei fargestoffa som eventuelt er tilsette, og med opplysningar om BCF- eller log K_{ow} -verdiane til stoffet, eller dokumentasjon som syner at fargestoffet er godkjent til bruk i næringsmiddel.

g) *Enzym*

Det skal berre nyttast innkapsla enzym (i fast form) og enzym i flytande/halvflytande form.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, eventuelt underbygd med fråsegner frå leverandørar, saman med tryggleiksdatablad for dei enzyma som eventuelt er tilsette.

Kriterium 5 — Emballasje

a) *Returordningar for emballasje*

Dersom produktet vert levert i emballasje som høyrer inn under ei returordning, har dette produktet unntak frå dei krava som er fastsette i bokstav b) og c) i kriterium 5.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, saman med relevant dokumentasjon som gjer greie for eller viser at det finst ei returordning for emballasjen.

b) *Vekt/nytte-høve (WUR – Weight/utility ratio)*

Vekt/nytte-høvet (WUR) til produktet skal reknast ut berre for primæremballasjen og skal ikkje overstige dei følgjande verdiane for referansedosering:

Produkttype	Blautt < 1,5 mmol CaCO ₃ /l (g/kg vasketøy)	Middels 1,5–2,5 mmol CaCO ₃ /l (g/kg vasketøy)	Hardt > 2,5 mmol CaCO ₃ /l (g/kg vasketøy)
Vasshardleik			
Pulverform	1,5	2,0	2,5
Flytande form	2,0	2,5	3,0

Primæremballasje som er framstilt av minst 80 prosent attvunne materiale, er ikkje omfatta av dette kravet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei utrekning av WUR for produktet. Dersom produktet vert selt i ulike emballasjar (dvs. ulike storleikar), skal det leggjast fram ei slik utrekning for kvar emballasjestorleik som det skal tildelast EU-miljømerke for.

WUR vert utrekna på følgjande måte:

$$WUR = \sum ((W_i + U_i)/(D_i * R_i))$$

der

W_i: vekta (g) til primæremballasjen (i)

U_i: vekta (g) av den delen av primæremballasjen (i) som ikkje er attvunnen etter forbruk. U_i = W_i, med mindre søkjaren kan dokumentere noko anna

D_i: talet på referansedosar i primæremballasjen (i)

R_i: etterfyllingsindeks. R_i = 1 (emballasjen vert ikkje nytta om att for same føremål) eller R_i = 2 (dersom søkjaren kan dokumentere at emballasjekomponenten kan nyttast om att for det same føremålet, og at søkjaren sel etterfyllingsprodukt).

Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn som stadfestar innhaldet av attvunne materiale etter forbruk, saman med relevant dokumentasjon. Emballasjen vert rekna som attvunnen etter forbruk dersom råmaterialet som er nytta til å lage emballasjen, er samla inn frå emballasjeprodusentar i distribusjons- eller forbrukarledet.

c) *Utforming for attvinning*

Plastemballasje skal vere utforma slik at han enkelt kan attvinnast på ein effektiv måte, og slik at det er mogleg å unngå moglege ureinande og uforlikelege materiale som er kjende for å gjere åtskiljing eller omarbeiding vanskeleg eller for å redusere kvaliteten på det attvunne materialet. Etiketten eller mansjett, lukkeinnretninga og eventuelle barrierebelegg skal ikkje innehalde, verken kvar for seg eller i kombinasjon, dei materiala og komponentane som er oppførte i tabell 4. Pumpeinnretningar (øg i form av spray) er ikkje omfatta av dette kravet.

Tabell 4

Materiale og komponentar som ikkje må nyttast i delar av emballasjen

Del av emballasjen	Materiale og komponentar som ikkje må nyttast(*)
Etikett eller mansjett	<ul style="list-style-type: none"> — Etikett eller mansjett av PS saman med ei PET-, PP- eller HDPE-flaske — Etikett eller mansjett av PVC saman med ei PET-, PP- eller HDPE-flaske — Etikett eller mansjett av PETG saman med ei PET-flaske — Alle andre plastmateriale til mansjettar eller etikettar med ein tettleik på > 1 g/cm³ som vert nytta saman med ei PET-flaske — Alle andre plastmateriale til mansjettar eller etikettar med ein tettleik på < 1 g/cm³ som vert nytta saman med ei PP- eller HDPE-flaske — Etikettar eller mansjettar som er metalliserte eller er smelta fast til sjølve emballasjen (IML-merking)
Lukkeinnretningar	<ul style="list-style-type: none"> — Lukkeinnretning av PS i kombinasjon med ei PET-, HDPE- eller PP-flaske — Lukkeinnretning av PVC saman med ei PET-, PP- eller HDPE-flaske — Lukkeinnretningar eller lukkeinnretningsmateriale av PETG med ein tettleik på > 1 g/cm³ saman med ei PET-flaske — Lukkeinnretningar av metall, glas eller EVA som det er vanskeleg å fjerne frå flaska — Lukkeinnretningar av silikon. Lukkeinnretningar av silikon med ein tettleik på < 1 g/cm³ saman med ei PET-flaske, og lukkeinnretningar av silikon med ein tettleik på > 1 g/cm³ saman med ei PEHD- eller PP-flaske, er ikkje omfatta. — Metallfoliar eller -forseglingar som framleis er festa til flaska eller til lukkeinnretninga etter at produktet er opna
Barrierebelegg	Polyamid, funksjonelle polyolefin, metalliserte og lysbarrierar

(*) EVA — etylenvinylacetat, HDPE — polyetylen med høg tettleik, PET — polyetylenetereftalat, PETG — glykolmodifisert polyetylenetereftalat, PP — polypropylen, PS — polystyren, PVC — polyvinylklorid

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn med opplysningar om materialsamansetnaden til emballasjen, medrekna behaldar, etikett eller mansjett, klebemiddel, lukkeinnretning og barrierebelegg, alt etter kva som høver, saman med fotografi eller tekniske teikningar av primæremballasjen.

Kriterium 6 — Dugleik

Produktet skal ha ei tilfredsstillande vaskeevne ved den lågaste temperaturen og doseringa som er tilrådd av produsenten for den aktuelle vasshardleiken, i samsvar med ramma for prøving av ytinga til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (*Framework performance testing for industrial and institutional laundry detergents*), som er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket⁽¹⁾.

(1) Tilgjengeleg på: [URL til protokoll på nettstaden for EU-miljømerket vert sett inn seinare – for tida er alle dei framlagde protokoll-dokumenta å finne i den tekniske rapporten].

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon som viser at produktet er vorte prøvd under vilkåra i den førnemnde ramma, med resultat som viser at produktet minst oppfyller minstekrava til vaskeevne. Søkjaren skal òg leggje fram dokumentasjon som viser at produktet oppfyller laboratoriekrava i dei relevante harmoniserte standardane for prøvings- og kalibreringslaboratorium, dersom det er relevant.

Ei tilsvarende prøving kan nyttast dersom det rette organet har vurdert og godkjent at prøvinga er jamgod.

Kriterium 7 — Automatiske doseringssystem

For fleirkomponentsystem skal søkjaren syte for at produktet vert nytta med eit automatisk system for kontrollert dosering.

For å sikre korrekt dosering i automatiske doseringssystem skal det minst éin gong kvart år i lisensperioden gjennomførast kundevitjingar i alle lokale som nyttar produktet, og desse skal omfatte kalibrering av doseringsutstyret. Slike kundevitjingar kan gjennomførast av tredjemann.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, saman med ei utgreiing som viser kva kundevitjingane omfattar, kven som er ansvarleg for dei, og kor ofte dei vert gjennomførte.

Kriterium 8 — Brukarinformasjon

Ei rettleiing for korrekt bruk skal følgje med produktet, slik at produktet skal gje best mogleg yting og produsere minst mogleg avfall, og slik at vassureining og ressursbruk vert redusert. Rettleiinga skal vere godt leseleg eller omfatte grafiske framstillingar eller ikon, og innehalde opplysningar om følgjande:

a) *Doseringsrettleiing*

Doseringsrettleiinga skal opplyse om dosering i g eller ml og/eller ei alternativ måleining (til dømes bruk av hetter eller spraydosering) og om korleis vasshardleiken kan påverke doseringa.

Dette kravet gjeld ikkje for fleirkomponentprodukt som skal doserast med eit automatisk doseringssystem.

Det skal opplysast om den vanlegaste vasshardleiken i området der produktet skal marknadsførast, eller om kvar desse opplysningane kan finnast.

b) *Informasjon om slutthandsaming av emballasje*

Primæremballasjen skal vere påført informasjon om ombruk, attvinning og korrekt slutthandsaming av emballasje.

c) *Miljøinformasjon*

Primæremballasjen skal vere påført ei tekst med informasjon om kor viktig det er å nytte korrekt dosering og lågaste tilrådd temperatur for å minimere energi- og vassbruken og redusere vassureininga.

Dersom sluttproduktet inneheld pereddiksyre og hydrogenperoksid som bleikjemiddel og er klassifisert og merkt, skal primæremballasjen eller det tekniske produktatabladet vere påført informasjon om at klassifiseringa og merkinga skuldast pereddiksyre og hydrogenperoksid som vert brote ned til ikkje-klassifiserte stoff under vaskeprosessen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, saman med eit eksemplar av etiketten til produktet.

Kriterium 9 — Opplysningar på EU-miljømerket

Logoen skal vere synleg og leseleg. Registrerings-/lisensnummeret til EU-miljømerket skal vere påført produktet og vere leseleg og klart synleg.

Søkjaren kan velje å ta med eit valfritt tekstfelt på etiketten som inneheld følgjande tekst:

- Avgrensa verknad på vassmiljøet (skal ikkje takast med dersom produktet inneheld pereddiksyre og hydrogenperoksid som medfører klassifisering og merking av sluttproduktet)
- Avgrensa mengd farlege stoff
- Prøving av vaskeevne er utført

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn, saman med eit eksemplar av etiketten til produktet eller ein illustrasjon av emballasjen der EU-miljømerket er påført.
